

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Andre søndag i treeiningstida – 2. juni 2013

Preiketekst: Joh 3,1-13

Lesetekst I: Esek 36, 25-29a

Lesetekst II: Rom 6, 3-8

## Ein ny fødsel må til

### Jesu overraskande erklæring til Nikodemus

Det er jo litt oppsiktsvekkande at før Nikodemus i det heile tatt har stilt eit spørsmål, eller forklart kvifor han er komen, kjem Jesus med ei erklæring om kor naudsynt det er for eit menneske å bli fødd på ny. Konteksten er viktig her, og i slutten av forrige kapittel står det: «Medan han var i Jerusalem i påskehøgtida, kom mange til tru på namnet hans, for dei såg dei teikna han gjorde» (2,23). Når Nikodemus så startar samtalen med å seie «Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han», fortel det oss temmeleg sikkert at han var ein av desse som trudde at Jesus var frå Gud etter å ha sett teikna og undera han gjorde. Men Joh 2, 24-25 hjelper oss til å forstå kvifor Jesus var relativt lite «entusiastisk» over Nikodemus si tru: «Men Jesus var ikkje fortruleg mot dei, for han kjende alle, og han trong ikkje at nokon skulle vitna om mennesket. Kva som budde i mennesket, visste han sjølv.»

Kva var det som gjorde Jesus så skeptisk? Svaret er gitt i dei neste versa. Nikodemus var av dei som trudde på Jesus som ein mirakelmann, men ikkje at han var deira einaste veg til frelse. Jesus visste at dei ikkje var fødte på ny. Så grunnen til at Jesus ikkje eingong trengte å vente til Nikodemus stilte det rette spørsmålet, er at han visste kva som budde i mennesket (2,25). Så det vi lærer i dette tekstavsnittet (Joh 3,1-13), er Jesu syn på mennesket sin tilstand. Det er ikkje smigrande å høyre, men det er heilt avgjerande, for oss i dag, som det var for "lek og lærd" den gongen.

I vers 6 står det om mennesket: «Det som er fødd av kjøt, er kjøt, og det som er fødd av Anden, er ånd.» Det betyr at når ein er unnfanga og fødd av menneskelege foreldre, så har vi del i menneskeleg natur, og når ein vert unnfanga og fødd av den guddommelege Ande, har ein del i hans guddommelege natur. Vår første fødsel gir oss ein medfødd evne og vilje til å ha omsorg for vår kropp og vårt liv. Vår andre fødsel gir oss ein trong for å leve for Gud, om det så er til å miste våre liv for Kristi skuld.

### Heilt avhengige av Guds under

Jesu bodskap til oss i desse versa, er at vi ikkje kan frelse oss sjølve, men det må skje ved eit Guds under. Jeremia sa det slik: «Kan ein frå Kusj (Etiopia) skifta si hud eller ein leopard

sine flekker? Då kunne òg de gjera godt, de som er lærte opp til å gjera vondt». (Jer 13,23). Og Paulus skreiv: «Menneska slik dei er i seg sjølve, tek ikkje imot det som høyrer Guds Ande til. Det er dårskap for dei, og dei kan ikkje forstå det, for det kan berre dømmast om på åndeleg vis» (1 Kor 2,14). Nei, eit menneske kan ikkje skifte hud, og ein leopard kan ikkje skifte flekkar. Eit menneske kan ikkje sjølv gjere seg rettferdig for Gud. Men Gud kan skifte hud på eit menneske og skifte flekkane på ein leopard. Gud kan gjere det umoglege mogleg også for ei fallen menneskeslekt.

I oss sjølve er vi som skipbrudne sjømenn som driv rundt på ei flåte med eit provisorisk seil laga av ei skjorte. Vinden bles hit og dit, og vi er totalt avhengige av hjelp utanfrå.

Rom 7,18, Matteus 15,18-19 og Gal 5,19-21 er andre avsnitt som skildrar den moralske tilstanden til den menneskelege natur. Legg merke til at Jesus og Paulus skildrar mennesket generelt, ikkje berre «verstingane» som andre fordømde.

Når Jesus seier at det som er fødd av Anden er ånd, betyr det at den som ikkje er fødd på ny, er åndeleg død. Ein fødsel fører fram liv. Før vår nye fødsel er vi åndeleg livlause. Bibelen lærer at det ikkje alltid var slik, for Gud sa til det første mennesket at den dagen det åt av treet til kunnskap om godt og vondt, måtte det døy. Adam og Eva døydde ikkje fysisk då dei gjorde det, men dei døydde åndeleg, og deira opprør og død har deira etterkomarar vore merka av til denne dag (Rom 5,12,17). I Johannes 3 lærer Jesus oss at Gud samlar menneske tilbake til seg ved å bringe dei tilbake frå åndeleg død. Guds rike er Guds rike over det nye Guds folk som er blitt fødte av Anden til nytt liv. «Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike».

### **Ein alvorleg bodskap**

Dette må ha vore alvorlege ord til den lærde farisearen og rådsherren Nikodemus. Nikodemus har sett Jesu kraft, teikn og under, og ein mann med grenselaus kjærleik og omsorg overfor alle som var i naud. Han er tiltrekt av denne mannen og søker han ut om natta og seier: «Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud». Og før Nikodemus kan trekke pusten, seier Jesus eigentleg: «Nikodemus, folk som ikkje er fødte på nytt, går til helvete».

Det faktum at Jesus seier alt dette til farisearen Nikodemus, avslører noko vesentleg om eit menneske som ikkje har Anden: Det er ein himmelvid forskjell mellom religion og det nye livet i Den Heilage Ande. Du kan sjå føre deg at Jesus ristar på hovudet i vers 10: «Du er ein lærar for Israel og veit ikkje det?» Ja, det er mogleg også i våre samanhengar å ha alle moglege stillingar og verv i kyrkje og bedehus og misjonsorganisasjonar, og likevel ikkje vere fødte på ny. Det er mogleg å søkje Jesus som mirakelmann, i lag med alt anna på den nyreligiøse marknaden, utan å vere fødte av Anden!

Så kvifor må vi høyre alt dette? Jo, fordi eit døypt og fråfalle menneske må fødest på nytt! Og for at vi skal bli fødte av Anden, må vi erkjenne vår fortapte tilstand, og be Gud om hjelp i all vår hjelpeløyse.

Jesus sa i vers 8: «Vinden blæs dit han vil; du høyrer han susar, men du veit ikkje kvar han kjem frå, eller kvar han fer. Slik er det med kvar den som er fødd av Anden.» Vinden er gratis. Når Gud kallar, må vi respondere på hans kall og ta imot det fullkomne offer som hang på det midtre korset på Golgata. Det er gratis, det er nåde. Nikodemus er stadig forvirra (vers 9) for han trudde at mennesket måtte gå lova sin veg.

### **Fødde ved Ordet og Anden**

Den nye fødsel kan ikkje mennesket gjere seg fortent til. Peter skriv: «For de er fødte på nytt, ikkje av forgjengeleg sæd, men av uforgjengeleg, ved Guds levande ord som alltid varer ved. For alle menneske er som gras og all deira prakt som blomen i graset. Graset visnar, og

blomen fell av, men Herrens ord varer til evig tid.» (1 Pet1,23-25). Det er ved Guds ord og Guds Ande at den nye fødsel skjer. Det å vere fødd av «vatn og Ande» kan tolkast profetisk fram mot den kristne dåp som skulle kome, men det understreker også Jesu ord til sine læresveinar: «De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk.» (Joh 15,3). Derfor har vi også frimod til å forkynne Guds ord, fordi Anden kan omskape det tørre vitnemålet mitt til liv og overflod!

Lat oss ikkje bedra oss sjølve. David bed denne bønna i slutten av Salme 139: «Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarte, prøv meg og kjenn mine tankar! Sjå om eg følgjer avgudsveg, og lei meg på den evige vegen!» Det handlar ikkje om å leite etter grunnar i vårt eige liv om vi høyrer Herren til, men om vi lever i lyset innfor Gud med våre liv, og ikkje bygger på noko anna enn Guds nåde. Mot slutten av sitt evangelium, skriv Johannes at Nikodemus hadde med ei dyr blanding av myrra og aloë for å salve Jesu kropp. (Joh 19,39). I takksemd over Jesu offer, vil vi tru. Berre æva vil vise om han også var fødd av Guds Ande.

**Erik Furnes**

Generalsekretær i Indremisjonsforbundet

[e.furnes@imf.no](mailto:e.furnes@imf.no)